



DEN NORSKE KYRKJA

Vestnes kyrkjelege fellesråd



Vågstranda kyrkje, etter oppgradering i 2025

Foto: Tormod Lien

ÅRSMELDING 2025

Vedtatt i møte 25.03.2026, sak 014/26

1. Innleiing

Årsmeldinga for 2025 gjev ei samla framstilling av verksemda i Vestnes kyrkjelege fellesråd gjennom året.

Kyrkjeverge tiltrådde stillinga 1. juli 2025. Årsmeldinga tek difor i hovudsak utgangspunkt i perioden frå dette tidspunktet. For første halvår er det i større grad teke utgangspunkt i tilgjengeleg dokumentasjon og etablert praksis i verksemda.

Drifta i 2025 har vore stabil, og aktiviteten er gjennomført i tråd med dei rammene som ligg til grunn for verksemda. Av større byggmessige oppgåver har oppgraderinga av Vågstranda kyrkje vore sentral. Kyrkja har mellom anna fått nye vindauge, og mykje av bordkledninga er bytta ut.

Fellesrådet har eit overordna ansvar for drift og forvaltning av kyrkjene og gravplassane i kommunen, og skal leggje til rette for ei tenleg og forsvarleg verksemd innanfor dei økonomiske rammene som er tilgjengelege. Dette krev kontinuerleg prioritering og god ressursutnytting.

Årsmeldinga skal òg gi grunnlag for vidare utvikling av verksemda i 2026.

2. Verksemda i 2025

Den kyrkjelege verksemda i Vestnes kommune omfattar gudstenester, kyrkjelege handlingar, trusopplæring, diakoni og anna kyrkjeleg aktivitet i sokna.

Det har vore gjennomført gudstenester i alle kyrkjene i tråd med planane, i tillegg til andre kyrkjelege handlingar.

Det har vore sjukefråvær i stillinga som trusopplærar, noko som har ført til at enkelte aktivitetar har vore avlyste eller utsette. Gjennom interne rokkeringar har ein likevel greidd å oppretthalde store delar av aktiviteten.

3. Personalsituasjonen

I kyrkja i Vestnes er det tilsett 17 personar. Av desse er to sokneprestar tilsette i Møre bispedømmeråd. Fellesrådet sine tilsette utgjer om lag 7 årsverk, der fire er heiltidsstillingar, to er 80 % stillingar, og dei øvrige stillingane er mindre deltidstillingar, hovudsakleg mellom 10 og 15 %.

Kyrkja i Vestnes har ordning med lokale kyrkjevevjer, fordelt på fire personar.

I løpet av året har det vore fleire endringar i staben. Kyrkjevevge Olav Egil Tomren gjekk av med pensjon, og Hege Haugen tok til i stillinga som kyrkjevevge frå 1. juli 2025. Britt Eli Sætre Knudsen sa opp si stilling som klokkar i Tresfjord. Markus Kimo Løvik vart tilsett i eit engasjement som klokkar frå 1. juli for sokna Tresfjord, Vike og Vågstranda. Bodil Bryn Kvistad tok på seg klokkarstillinga i Vestnes, i første omgang fram til jul.

Sjukefråvær i delar av staben har i periodar påverka drifta, men oppgåvene har i hovudsak vorte løyste gjennom interne omdisponeringar.

4. Kyrkjene

Vågstranda kyrkje har i 2025 fått ei oppgradering med utskifting av vindauge, maling og utskifting av delar av bordkledninga. Under arbeidet vart det avdekt eit større behov for utskifting av takstein. Det vart søkt Vestnes kommune om midlar til utbetring av taket, og det vart løyvd 2,5 mill. kroner over investeringsbudsjettet.

I Vestnes kyrkje er det montert scenelys i taket. Tiltaket er finansiert av Vestnes sokneråd.

5. Gravplassane

Gravplassane vert forvalta av kyrkjeleg fellesråd som gravplassmyndigheit, på vegne av alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av tru og livssyn. Dette er ei viktig oppgåve i lokalsamfunnet, og har stor betydning for mange.

Kommunen har det økonomiske ansvaret for gravplassforvaltninga, medan gravplassmyndigheita vert ivareteken av fellesrådet ved kyrkjevevgen. Graving av graver vert utført av kommunen gjennom tenesteytingsavtalen.

Det er fem gravplassar i kommunen, alle knytte til kyrkjene.

Det har i 2025 i hovudsak vore utført ordinære drifts- og vedlikehaldsoppgåver på gravplassane.

Fellesrådet starta i 2025 opp arbeidet med å etablere ein namna minnelund på gravplassen ved Vestnes kyrkje.

I 2025 var 19 % av gravferdene bisetjingar og 81 % gravferder med kiste. Til samanlikning var delen bisetjingar i 2024 13 %. Så langt i 2026 har delen bisetjingar auka til 42 %, medan gravferder med kiste utgjer 58 %.

Kapasiteten på graver i Vestnes kommune er god.

6. Administrasjon og samarbeid

Kyrkjekontoret held til i «Gulehuset» på Myra, og plasseringa er formålstenleg. Samstundes er dette eit eldre bygg med utfordringar knytt til temperatur. Det er òg særst lytt mellom kontora og møterommet, noko som i enkelte situasjonar kan gi utfordringar med personvern og teieplikt.

Vestnes kyrkjelege fellesråd har ein tenesteytingsavtale med Vestnes kommune. Gjennom denne vert det kjøpt tenester innan mellom anna rekneskap, lønn, IKT, reinhald og gravetenester, i tillegg til leige av kontorlokale. Samarbeidet med kommunen fungerer godt og er viktig for den daglege drifta.

Samarbeid med nabofellessråda

Etter initiativ frå Molde kyrkjelege fellesråd vart det hausten 2025 vedteke å delta i eit prosjekt for å greie ut moglege former for samarbeid mellom fellessråda i det nye Molde domprosti.

Alle fellessråda i prostiet (Vestnes, Molde, Aukra, Hustadvika og Rauma) deltek i prosjektet. Det er løyvd kr 230 000 i prosjektmidlar frå Kyrkjerådet til utgreiingsarbeidet.

Prosjektet vert gjennomført i 2025, med mål om å avklare korleis eit tettare og meir forpliktande samarbeid kan bidra til betre ressursutnytting og styrkje det kyrkjelege arbeidet i sokna.

7. Økonomi

Vestnes kyrkjelege fellesråd si verksemd er i hovudsak finansiert gjennom tilskot frå Vestnes kommune, i tillegg til egne inntekter og statlege tilskot.

Rekneskapan for 2025 viser eit mindreforbruk i drifta. Dette skuldast i hovudsak arbeidet med oppgraderinga av Vågstranda kyrkje. Utgiftene var opphavleg budsjetterte i driftsrekneskapan, men etter kvart som prosjektet utvikla seg og omfanget auka, vart arbeidet vurdert som ei meir omfattande reovering. Kostnadane vart difor førte i investeringsrekneskapan.

Dette har ført til at delar av dei budsjetterte driftsutgiftene ikkje vart nytta i driftsrekneskapan, og er hovudforklaringa på mindreforbruket for året.

Den økonomiske situasjonen vert vurdert som oversiktleg, men med avgrensa handlingsrom. Det er difor nødvendig med vidare prioritering og god ressursutnytting i åra som kjem.

8. Fellesrådet og utvala

Vestnes kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet består av 7 medlemmar. Rådet er sett saman av ein representant frå kvart av dei fem sokneråda, i tillegg til sokneprest og ein kommunal representant (ordføraren).

Medlemmar i valperioden 2023 - 2027:

Thor Ringsby, leiar pr. 31.12.2025

Emil Balstad

Liv Hjelvik Astrup

Magnhild Bjermeland

Tone Roaldsnes

John Sylte - geistlig representant

Randi Bergundhaugen - kommunal representant

Varamedlemmar:

Ann Iren Fylling

Mildrid Valle

Lars Helge Eidhamar

Olha Lyhakhovyn

Grethe Lystad Johnsen, vara for geistlig representant

Bjørn Inge Olsen- vara for kommunal representant

Fellesrådet har i 2025 hatt 5 møte, derav 4 fysiske møte og eitt digitalt møte knytt til ei hastesak, og har behandla til saman 35 saker. Frå juli 2025 tok fellesrådet i bruk arkivsystemet LabOra, noko som har bidrege til betre saksbehandling, møtehandtering og arkivering.

Administrasjonsutvalet

Thor Ringsby, leiar

Tone Roaldsnes, nestleiar

Reidun Blø, tilsette sin representant

Administrasjonsutvalet hadde to møter i 2025

Bygningsutvalet

Harald Bjermeland

Emil Balstad

Olav Egil Tomren (til 30.06.2025)

Hege Haugen (frå 01.07.2025)



Bygningsutvalet hadde 1 møte i 2025

9. Informasjonsarbeid

Fellesrådet nyttar fleire kanalar i informasjonsarbeidet. Kyrkjebladet kjem ut i to utgåver årleg og er ein viktig informasjonskanal til innbyggjarane.

Heimesida er lagt opp som ei meir statisk side, medan «Skjer i kyrkja» vert nytta som ein aktiv plattform for informasjon om aktivitetar og arrangement. I tillegg vert Facebook-sida «Kyrkjene i Vestnes» nytta til formidling.

Desse kanalane bidreg til å gjere kyrkja sitt arbeid meir synleg og tilgjengeleg. Kyrkjevergen er førebels redaktør for informasjonsarbeidet.



10. Statistikk

	2025	2024	2023	2022	2021
Innmelde i Den norske kyrkja	1	5	4	5	0
Utmelde av Den norske kyrkja	7	8	8	10	13
Talet på døypte	41	52	50	43	55
Konfirmerte i sokna	57	74	71	76	71
Kyrkjelege vigslar i sokna	12	8	9	13	14
Gravferder	79	69	61	71	69
Hovudgudstenester på søn- og helgedagar	82	90	85	79	67
Tal på deltakarar	4774	5533	5419	4743	2709
Andre gudstj. m/gudstj.karakter	18	15	17	19	13
Tal på deltakarar	2075	1721	2351	2246	1065
Gudstenester m/nattverd, søn- og helgedagar	46	49	44	32	18
Tal på deltakarar til nattverd	1114	1130	860	578	309
Gudstenester med skriftemål	1	1	1	1	1
Gudstenester med dåp	26	25	22	23	29
Deltakarar ved dåpsegudstenestene	1958	2013	1928	1605	1271
Gudstenester i påska	8	6	7	6	1
Talet på deltakarar på gudst. i påska	362	242	444	395	21
Gudstenester i kyrkja for barnehage- og skule	14	10	9	9	3
Økumeniske gudstenester/møter	1	1	1	1	1
Barnehagebesøk i kyrkjene	5	7	11	5	6
Besøk i barnehagar	1	1	2	3	5
Klassebesøk i kyrkjene	6	4	10	5	7
Kyrkjelydane sine misjonsprosjekt i andre land	4	4	4	4	4
Kyrkjeofringar	390.971	275.850	277.794	287.583	205.249
Andre innsamlingar	170.460	472.990	309.442	494.287	346.716

11. Mål og prioriteringar for 2026

Vestnes kyrkjelege fellesråd vil i 2026 arbeide vidare med å sikre ei stabil og berekraftig drift innanfor dei økonomiske rammene som ligg føre. Dette krev tydelege prioriteringar og god ressursutnytting.

Vedlikehald og utvikling av kyrkjene og gravplassane vil ha høg prioritet. Det er løyvd 2,5 mill. kroner frå Vestnes kommune til oppgradering av taket på Vågstranda kyrkje, og dette arbeidet vil vere ei sentral oppgåve i året som kjem.

Arbeidet med etablering av namna minnelund på gravplassen ved Vestnes kyrkje vil bli vidareført. Tiltaket er vedteke finansiert gjennom bruk av investeringsfond og private gåver.

Det vil gjennom året vere fokus på bruk av Ordna eigeendom som verktøy for drift og forvaltning, samt vidareutvikling av gode rutinar for administrasjon, saksbehandling og samhandling. Eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette vil òg vere ein viktig føresetnad for å lukkast i arbeidet.

Vestnes kyrkjelege fellesråd vil rette ein takk til alle tilsette, frivillige og medlemmar i råd og utval for innsatsen i 2025. Den samla innsatsen frå mange bidreg til at kyrkja kan vere ein aktiv og viktig del av lokalsamfunnet.